



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne McEvoy, Næringsavdelinga  
 Sak nr.: 16/760-2

## **Innspel til jordbruksforhandlingane 2016**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slike vedtak:**

1. Hovudutvalet sitt hovudinnspel til jordbruksforhandlingane 2016 er at jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane er:
  - a. At det samla sett vert teke omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom brukna og store avstandar til marknad og omsetning.
  - b. Styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovförbasert produksjon av storfekkjøtt, lammekkjøtt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Styrking av nasjonale og regionale løyyingar til investeringar.
  - d. Innføring av rentefritt investeringslån til erstatning for dagens rentestøtteordning.
  - e. Utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.
  - f. Innføring av nydyrkingsstilskot.
  - g. Halde fast på dagens regioninndeling for omsetning av mjølkekvarer.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Tilskotsbrev frå Landbruks- og matdepartementet med invitasjon til innspel til jordbruksforhandlingane 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Landbruk i Verdiskapingsplanen, høyringsutkast november 2015

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Jordbruksoppgjeret skjer årleg ved forhandlingar mellom Staten og to organisasjonar i jordbruket, Norges bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag, som opptrer i fellesskap. Forhandlingane skjer på grunnlag av Hovudavtala for jordbruket.

Fylkeskommunane er bedne om å komme med høyringsinnspel framom årets jordbruksforhandlingar, som tidlegare år. Fristen for å levere innspel er 1. februar. Det er avtalt rom for å sende uttalen etter handsaming i hovudutvalet den 2. februar.

Framlegget til høyringsutale er basert på innspel frå næringsorganisasjonane, den offentlege regionale partnarskapen, og drøfting på administrativt nivå.

Saka vert sendt til politisk handsaming i hovudutval for næring og kultur for endeleg vedtak. Fylkesutvalet vil bli orientert om saka i møtet 2. mars 2016.

## **2. Samandrag**

Sogn og Fjordane er eit aktivt landbruksfylke der næringa utgjer ein større del av sysselsettinga og næringsstrukturen enn andre fylke. Fylket følgjer dei same trendane som elles i landet: Meir effektiv produksjon, stadig større bruk og nedgang i tal sysselsette knytt direkte til landbruket. Sogn og Fjordane har ein topografi som naturleg avgrensar kor store bruka kan vere og som gjer at det er meir arbeidskrevjande å produsere her i fylket enn t.d. i delar av Rogaland og Trøndelagsfylka. Næringsmiddelindustrien er den største industrigreina i industrifylket Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane har gode føresetnadalar for å produsere mat basert på grovfør. Dette pregar hovedproduksjonane våre: mjølk og storfe frå kjøtt og sau. Vidare har fylket gode produksjonsmiljø for frukt og bær. Desse miljøa har hatt særskilt gode resultat dei siste åra. Tala syner at tal dyr, areal or produksjon generelt minkar. Fylket følgjer dei same trendane som elles i landet, med færre og større bruk. Til dømes vert det høgare produksjon per ku. Færre sysselsette i landbruket er ikkje unormalt når ein ser den samla utviklinga i jordbruket. Dei negative utviklingstrekka er sterkare i Sogn og Fjordane enn resten av landet. Ei særleg kjelde til uro er utviklinga på kysten av fylket, der vi ser at dei negative utviklingstrekka vert endå meir forsterka. Med stadig færre som driv aktivt jordbruk på kysten, vil også fagmiljøa forvitre og tilknytte bedrifter vil forsvinne.



Tabellar og tal som er nytta til illustrasjon er henta frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane eller frå fylkeskommunen sine eigne dokument.

## **3. Jordbruket i Sogn og Fjordane – status og utfordringar**

### **Areal:**

Jordbruksarealet i fylket vert i hovudsak nytta til grovførproduksjon. Det er fulldyrka areal til slått, overflatedyrka areal og innmarksbeite som dominerer. Berre nokre prosent av arealet vert nytta til frukt og grønt, som frukt, bær, grønsaker, poteter og rotvekstar. Arealet i Sogn og Fjordane nytta til jordbruksføremål har gått gradvis ned sidan 1999. Frå 1999 til 2004 har areal nytta til jordbruksdrift blitt redusert med om lag 38 000 daa. I tidsrommet 2004 til 2014 har tal bruk i Sogn og Fjordane gått ned frå om lag 3900 til 3000, og då har mangeattverande bruk overteke areal, slik at bruksstorleiken har gått opp per bruk.

Sogn og Fjordane tapar landbruksareal i eit større tempo enn resten av landet. Det er arealnedgang i alle kommunane unntake Aurland, Luster, Lærdal og Årdal. Arealet som til ei kvar tid er i drift endrar seg og det er det mest tungdrivne arealet som går ut av produksjon som følgje av modernisering og effektivisering.



Nedgangen er relativt større i kystkommunane enn i dei andre kommunane i fylket.

Ein stadig større del av matproduksjonen er basert på kraftfor. Denne forma for produksjon er billigare og gjer at grasressursane tapar, noko som ikkje er gunstig for Sogn og Fjordane og dei andre Vestlandsfylka som har god tilgang på slikt før.

### **Produksjon:**

Sogn og Fjordane er det sjuande største fylket i landet på mjølkeproduksjon. Det skjer ei betydeleg omfordeling av mjølkekvote der kvotar kan flyttast gjennom kjøp/sal og leige. Kvota kan ikkje flyttast over fylkesgrensa, og dette er avgjerande for utviklinga av mjølkeproduksjonen i fylket. I perioden 2004 til 2014 har tal mjøkekryr gått ned med om lag 4800 dyr. Tal føretak har gått ned med 730. Sjølv om tal mjøkekryr går ned produserer kvart dyr meir enn tidligare, her ser vi ei auke på 6300 liter/år i perioden 2004-2014. Likevel ser vi at fylket ikkje aukar like mykje som resten av landet.

Sjølv om aktørane i landbruket har større bruk og auka produktivitet har ein ikkje lukkast med å kompensere for nedgangen i tal gardsbruk. Grunnen til dette heng saman med topografien i fylket vårt, som er med på avgrense storleiken på bruken. Det tyder på at vi i større grad må oppretthalde tal gardsbruk for å halde oppe produksjonen. Gjennomsnittskvota på eit mjøkebruk i Sogn og Fjordane har gått ned dei siste åra, vi har det lågaste gjennomsnittet i landet sjølv om kvotane har auka dei siste 10 åra.


Grafane i figuren for endring i mjøkeproduksjon følgjer same tendens som på areal for kystkommunane. Likevel ser vi her at utviklinga hadde ei positiv vending i 2012 og har flata noko ut dei to siste åra. Mjøkeproduksjonen flyttar seg til andre delar av fylket og sjølv om utviklinga her og følgjer same tendens som resten av landet og fylket er nedgangen mykje større. For å sikre framtidig mjøkeproduksjon er det viktig at dagens regioninndeling for omsetning av mjøkekvetar ligg fast.



Kjøtproduksjon følgjer om lag same utvikling som for mjøkeproduksjon. Med eit lågare tal dyr til mjøkeproduksjonen vert produksjonen av kjøt og storfe lågare. Fylket har tapt litt terreng i høve til resten av landet: I 2014 utgjorde produksjonen av kjøt frå storfe her i fylket 5,7 % av landet sin produksjon. Tilsvarande tal i 2004 var 6,1 %.

Sogn og Fjordane er eit fylke som egnar seg godt til sau og vi produserer om lag 2000 tonn kjøt frå sau og lam årleg.

Produksjonen av saue- og lammekjøt i



Sogn og Fjordane er redusert med ca. 12 % eller 260 tonn på 10 år. Ser vi perioden 2004 til 2014 under eitt så var nedgangen stort fram til 2008. Etter det har produksjonen av sauekjøt vore ganske stabil med produsert mengde på ca. 2050 tonn per år. Også her ser vi at tal bruk går ned, men tal sauer held seg stabilt.

Fylket har hatt gode resultat på frukt og bær dei siste åra. Sogn og Fjordane er ein einar når det gjeld dyrking av bringebær, i 2014 stod vi for 68 % av produksjonen i landet. På heile 2000-talet har Sogn og Fjordane hatt den største bringebærproduksjonen i landet. Produksjonen har hatt ein god auke dei siste åra og det er venta vekst i åra som kjem.



Morellar er vi gode på i Sogn og Fjordane. I 2014 utgjorde produksjonen 26 % i landet. 2014 var eit dårlig år i Sogn og Fjordane, og tala frå 2012 og 2013 viser at vi desse åra hadde kring 45 % av produksjonen i landet.

Fylket produserte 10 % av alle eple i landet i 2014 og for plommer utgjorde produksjonen 16 % på landsbasis. Produksjonen av pærer har gått jamn ned dei siste åra. På 10 år er produksjonen av pære redusert med 76 % i Sogn og Fjordane. Nedgangen skuldast i hovudsak at dei gamle pærerortane ikkje var ønska i marknaden og at det har tatt tid å finne fram til nye og betre pærerortar.

### **Sysselsetting**

Sogn og Fjordane har framleis ein betydeleg del av sysselsettinga knytt til landbruk samanlikna med resten av landet. I 4. kvartal 2014 var 2373 personar sysselsette innan jord- og skogbruk i Sogn og Fjordane. Dette utgjer 4,1 prosent av dei sysselsette i fylket. For landet er tilsvarende tal i 2014, 48 045 personar og 1,8 % sysselsette innan jord- og skogbruk. I 2004 var tala 63 324 personar som var 2,8 % av totalt tal sysselsette. Utviklinga i tidsrommet 2004 til 2014 syner at Sogn og Fjordane sakte nærmar seg nivået for landet.

Sogn og Fjordane har i tillegg fleire bedrifter i næringsmiddelindustrien og det vert rekna om lag 1900 arbeidsplassar knytt til foredlingsbedriftene. Næringsmiddelindustrien er den største industrigreina i fylket. Vidare legg landbruksnæringa grunnlaget for arbeidsplassar knytt til leverandørindustri, transport og tenestekjøp.



Figur 2: Sysselsette i næringsmiddelindustrien fordelt med prosent for ulike bransjer, 2013 (Kjelde: NILF Notat 2015-13).

### **Investeringar**

Det har blitt investert mykje i landbruket dei siste åra, noko som både har samanheng med at mange driftsbygningar som vart bygde i den store utbyggingsrunden på 70- og 80-talet no er modne for utskifting. Frå 2024 er det ikkje lengre lov med båsfjøs grunna endringar i nasjonale retningslinjer og dette krev store investeringar til bygging av lausdriftsfjøs. Desse investeringane er viktige for å oppretthalde mjølkeproduksjonen i tråd med dei nye krava.

Det er også investert mykje i frukt- og bær produksjonane. Moderne og intensive plantingar krev store investeringar per daa jamfør med tidligare.

Det er viktig med noko større rammer for investeringar i landbruket i Sogn og Fjordane, og positivt at tilskotstaket er fjerna. Det er også positivt for Sogn og Fjordane at fylka får større fridom for prioriteringar når det gjeld BU-midlane.

### **Landbruk i Verdiskapingsplanen**

Verdiskapingsplanen er ein regional plan for verdiskaping for fylket. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 9. desember 2014 at det skulle lagast ein plan for landbruksatsinga i Verdiskapingsplanen.

Landbruk i Verdiskapingsplanen byggjer på Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016. I denne er bredda i landbruksnæringa omtala med primærproduksjon, foredling og tenesteproduksjon. Planen er utarbeida i samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, bondelaget, bonde- og småbrukarlaget, skogeigarlaget, Innovasjon Norge og KS. Denne planen er no ute på høyring.

### **Innspel frå Sogn og Fjordane bondelag:**

1. Auke potten til IBU midlar med 300-500 millionar kroner. Løyvinga må særskilt rettast storfe for å gjere det mogleg for små og mellomstore bruk å tilpasse seg kravet om lausdrift. (Er det ikkje vilje til å løyve desse pengane må politikarane fjerne kravet om lausdrift)
2. Opprette ei fondsordning liknande den ein har i skogbruket, for å kunne lette den økonomiske byrda med naudsynte investeringar
3. Skal ein nå målet om auka matproduksjon må ein prioritere budsjettmidlar til dei mindre og mellomstore brukta i distrikta
4. Auke i beitetilskot i utmark for småfe og storfe.
5. Løyvingar til forsking innan grovförproduksjon, frukt, bær og grønt må aukast
6. Bortfall av eksportstøtte til Jarlsberg er alvorleg for volumet i mjølkeproduksjonen. Det må i jordbruksoppgjaret 2016 nemnast opp ei arbeidsgruppe som skal vurdere kompensasjonsløysingar. Dei kompenserande tiltak må rette seg mot betre konkurransekraft for norsk mjølk i den norske marknaden og tiltak retta mot mjøkebonden.
7. Velferdsordningane må styrkast. Ordna ferie- og fritid samt tryggleik ved sjukdom må ligge i botnen som grunnlag for å sikre rekruttering til næringa.

### **Innspel frå Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag:**

1. Den samla råma må ha storleik nok til å tette gapet i inntekt til samanlikningsgruppa. Vi må få slutt på prosentrekninga og heller rekne kronetillegg.
2. Budsjettmidlane må aukast i takt med inflasjonen.
3. Dei strukturtiltaka som blei innført to siste oppgjer med konsesjonsgrense-auge og auka kvote-tak for mjølk må setjast i revers.

4. Botnfrådraget må bli teke bort
5. Kornøkonomien må styrkast, kraftfor-prisen må følgje med oppover.

#### **4. Konklusjon**

Det er eit nasjonalt og regionalt mål å auke matproduksjonen i landet og fylket. Vi har utviklingstrekk som gjer at det er vanskeleg å nå dei måla som er sette. Den negative utviklinga må snuast.

For å kunne lukkast med å rekruttere nye aktørar til næringa må inntektsmoglegheitene vere slik at det er forsvarleg å investere høge summar og bruke mykje tid. Nye produksjonsmetodar og nye teknologiske løysingar er med på å gjere næringa attraktiv. Men næringa har og trong for stabile rammevilkår, til liks med andre næringar, for at aktørane skal tote å satse.

Sogn og Fjordane har gode føresetnadar for å medverke til å nå dei nasjonale måla om auka matproduksjon. Fylket har stor og god tilgang på grovfør og utmarksbeite, noko som må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil vere med på å hindre attgroing og stimulere til eit aktivt jordbruk. Dette er også viktig i reiselivssamanheng.

I tilrådinga legg Fylkesrådmannen til grunn fylket sine målsetningar frå 2002, status og utfordringar, saman med innspela frå organisasjonane då plan frå 2015 framleis er ute på høyring. Høyringsutkastet er for øvrig tilgjengeleg på [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no).

**... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**